



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Siril Sylta

Vår ref.

2013/1164 - 0 -
10427/2013

Telefon

Arkivkode:

137/727

Dato:

26.04.2013

Delegert sak

Løyve til endring av lengde på garasje - gbnr 137/727 Alver

Kommunen godkjenner søknad om endring av løyve med teikningar, kart og skildring mottatt 09.04.2013, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Endringa går ut på endra lengde på godkjent garasje, frå 6,6 meter til 8 meter. Nytt BYA for garasjen vert 48 m².

Løyvet gjeld endring av løyve gjeve 10.10.2012.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Søknaden:

Søknaden gjeld endring av storleik på garasje, endre lengde frå 6,6 meter til 8 meter, BYA 48 m².

Nabotilhøve og andre sine kommentarar:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag:

Eigedommen er regulert til bustad i reguleringsplan for Ikenberget bustadfelt.

Visuell utforming:

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering:

Omsøkte garasje er plassert nærare nabogrensa mot gbnr 137/728 enn 4 meter.



Det følger av pbl § 29-4 3.ledd bokstav b at kommunen kan godkjenne nærare plassering enn 4 meter ved ”oppføring av garasje, uthus og lignende mindre tiltak”.

Ein garasje på under 50 m2 fell innanfor unntaket i pbl § 29-4 3.ledd bokstav a, og administrasjonen kan ikkje sjå avgjerande grunnar mot å godkjenne garasjen si plassering som omsøkt.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Siril Sylta
rådgjevar